

Nordfjord Golfklubb

Årsmelding for sesongen 2025

Årsmøte 04.02.2026

Styret i 2025

- Leiar: Kent Tryggestad
- Nestleiar: Jan Skogstad
- Sekretær: Joar Sæten
- Kasserar: Helge Haugland
- Styremedlem: Tore Henning Naustdal
- Styremedlem: Oddbjørn Melheim
- Vara: Øystein Kolseth

- Grunneigar: Torill Fjørtoft
- Grunneigar: Stephan ter Stege

Styremøte 2025

Styret har gjennomført 4 styremøte i 2025. Styret har fungert godt og har utført mykje godt arbeid gjennom året, der noko er synleg, mens anna er mindre synleg. Det vært vist til årsmelding frå styreleiar og dei forskjellige leiarar for komitear.

Styreleiar har ordet

2025 vart et svært godt år for klubben med god økning i medlemsmassen.

Overbygget over driving rangen har blitt en stor suksess, kraftig økning i bruken av rangen.

Vi har nå bestilt robotklipper nr.3, som skal være på plass til sesongstart. Denne skal klippe range og hull 1. Dette er en spesialvariant som pløyer vekk rangeballene i front samtidig som den klipper.

Nok en sesong med fantastisk dugnadsinnsats, men vi må endre litt grupperinger da robot klipperne tar over for klippeteama. Håper vi også får med oss flere av de yngre i gjengen, sosialt og kjekt arbeid!

Vi går nå inn i et nytt golfår med stor interesse for sporten, la oss utnytte det med å få enda flere med.

Ønsker alle lykke til med sesongen 2026

Kent Tryggestad
-Styreleiar-

Marknads- og sponsorarbeid

Sponsorarbeidet har vi delegert ut til eit medlem i klubben. Mats Andersson har utarbeidd 3-årige sponsorkontrakter for klubben. Dette gjev oss forutsigbare inntekter. I tillegg er han kontaktperson opp mot generalsponsoren vår som er Sparebanken Vest. Kvart år har vi gode grunngeivne søknader til banken om gåvemidlar. Totalt i 2025 har vi mottatt kr. 175.000. Dette har medført at vi med litt oppsparte midlar i tillegg, har kunne realisert følgjande prosjekt:

- Robotklipper nr. 2 som blir brukt på hål 2,3,4,5 og 6.

Vi jobbar også med å få inn ein ny dedikert person som kan være offensiv mot golfmarknaden; både lokalt og regionalt.

Viser til www.norgolf.com for oversikt på sponsorar og samarbeidspartnarar.

Helge Haugland

Drift og vedlikehald

Då har vi lagt bak oss nok eit år med mykje dugnadsinnsats på bana vår. Det blei starta tidleg med rydding av skog/busker. Kratt og greiner veks fort og må ryddast vekk kvart år.

Det store prosjektet med kanalen mellom hol 8 og 9 blei vidareført, og resultatet av mykje arbeid blei veldig bra. Spesielt ved greenen på hol 9. Det gjenstår ein god del arbeid med resten av kanalen men vi har no funne ein god måte å løyse dette arbeidet med å hindre så mykje groe i kanalen.

Det blei 2 stordugningar som vanlig før sesongstart med plukking av kvist og raking av fairwayane. Det blei påfyll av sand i bunkerane. Det gode arbeidet med greenane blei gjort med vertikalskjæring / lufting / sanding / kosting / gjødsling og såing på same tid. Ein stor jobb som vi gjorde 3 gangar dette året. Slik fekk vi eit godt resultat med fantastiske greenar.

Så var det utruleg kjekt at vi fekk vatningsanlegget til å fungere på auto-vatning igjen så ein slapp å springe rundt for å starte/stenge vatninga på kvar green. Stor takk til Oddbjørn Melheim for å ta tak i både greenane og vatningsanlegget

Vi fikk etter kvart Roberta 2, og fikk bekrefte kor god jobb disse 2 robotane gjer for oss. Vi sparer mykje manuell slåing men det er likevel mykje manuell jobbing som blir gjort for at disse skal fungere best mulig. Dei må reingjerast og det må skiftast knivar.

Alle klippe- / gjødsling- / bunker- / ballplukketeama fungerte som vanlig veldig godt, noko som resulterte i ei bane vi fikk veldig mykje skryt av. Som ein gjestespelar sa: det å kome her

og spele på ei bane med supre fairways, nydlige bunkera og flotte greenar er utruligt kjekt. Særligt når han hørde at arbeidet er gjort på dugnad.

Takk for nok eit år med stor dugnadsinnsats !!!

Tore Naustdal

Sport- og rekrutteringskomitéen

Turneringar/aktivitet

Vi har gjennomført ein god sesong med mykje aktivitet på bana og mange nye medlemmar. Vi gjennomførte dei vanlege turneringane våre. Totalt 39 medlemmer var med på sommarslaget, og her er plass til fleire. Tore Naustdal gjekk av med sigeren på bruttoscore, medan Håvard Nygård vann stableford. Klubbmeister i 2025 blei Thomas Storøy. Vi GRATULERER!

Vi var igjen med som arrangør av turnering i Nordvest Tour. Vi fikk gode tilbakemeldinger på bana, men har litt å gå på det organisatoriske med utval i kiosk og premiering.

I tillegg hadde vi klubbturneringer mot Sandane Golfklubb. Caverion hadde en kveld på bana med ca 30 ansatte. Dette må vi selje inn til både sponsorer og andre bedrifter i regionen.

Også i 2025 hadde vi brukbart besøk av cruise-turistar. Takk til Helge og Oddbjørn som har tatt seg av disse. Vi håper at dette kan fortsette å være ein veksande marknad i framtida.

VTG

Det har vore stor interesse for VTG i 2025 Øystein Kolseth har tatt over ansvaret for disse, og kan melde om 4 kurs gjennomført med over 70 deltakarar. Øystein har fått god hjelp frå andre medlemmar til gjennomføring av praktisk banespel. For neste sesong blir det utvida krav til spel på bana før godkjent kurs, så då vil det være enda større behov for hjelp frå andre medlemmar.

Simulator

Golfsimulatoren på Nordfjord Hotell har vore flittig brukt også i vinter. Det var nokre utfordringar med teknikken, men engasjerte sjeler sytte for at denne kom opp og gå igjen ganske fort.

Oddbjørn Melheim

Valnemnda

Valnemnda viser til årsmelding over og sluttar seg til det som er nemnd, samtidig som valnemnda vil gje sin honnør til alle som har arbeidd for klubben dette året. Valnemnda er imponert over kva som er utført på dugnad. Nemnda vil også takke for den velvilje det er til å stille opp for styre og komitéarbeid.

Lykke til med 2026 sesongen!

Jens Christian Botn, leiar

Nordfjord Golfklubb

Årsmelding for sesongen 2025

Årsmøte 04.02.2026

Styret i 2025

- Leiar: Kent Tryggestad
- Nestleiar: Jan Skogstad
- Sekretær: Joar Sæten
- Kasserar: Helge Haugland
- Styremedlem: Tore Henning Naustdal
- Styremedlem: Oddbjørn Melheim
- Vara: Øystein Kolseth

- Grunneigar: Torill Fjørtoft
- Grunneigar: Stephan ter Stege

Styremøte 2025

Styret har gjennomført 4 styremøte i 2025. Styret har fungert godt og har utført mykje godt arbeid gjennom året, der noko er synleg, mens anna er mindre synleg. Det vært vist til årsmelding frå styreleiar og dei forskjellige leiarar for komitear.

Styreleiar har ordet

2025 vart et svært godt år for klubben med god økning i medlemsmassen.

Overbygget over driving rangen har blitt en stor suksess, kraftig økning i bruken av rangen.

Vi har nå bestilt robotklipper nr.3, som skal være på plass til sesongstart. Denne skal klippe range og hull 1. Dette er en spesialvariant som pløyer vekk rangeballene i front samtidig som den klipper.

Nok en sesong med fantastisk dugnadsinnsats, men vi må endre litt grupperinger da robot klipperne tar over for klippeteama. Håper vi også får med oss flere av de yngre i gjengen, sosialt og kjekt arbeid!

Vi går nå inn i et nytt golfår med stor interesse for sporten, la oss utnytte det med å få enda flere med.

Ønsker alle lykke til med sesongen 2026

Kent Tryggestad
-Styreleiar-

Marknads- og sponsorarbeid

Sponsorarbeidet har vi delegert ut til eit medlem i klubben. Mats Andersson har utarbeidd 3-årige sponsorkontrakter for klubben. Dette gjev oss forutsigbare inntekter. I tillegg er han kontaktperson opp mot generalsponsoren vår som er Sparebanken Vest. Kvart år har vi gode grunngeivne søknader til banken om gåvemidlar. Totalt i 2025 har vi mottatt kr. 175.000. Dette har medført at vi med litt oppsparte midlar i tillegg, har kunne realisert følgjande prosjekt:

- Robotklipper nr. 2 som blir brukt på hål 2,3,4,5 og 6.

Vi jobbar også med å få inn ein ny dedikert person som kan være offensiv mot golfmarknaden; både lokalt og regionalt.

Viser til www.norgolf.com for oversikt på sponsorar og samarbeidspartnarar.

Helge Haugland

Drift og vedlikehald

Då har vi lagt bak oss nok eit år med mykje dugnadsinnsats på bana vår. Det blei starta tidleg med rydding av skog/busker. Kratt og greiner veks fort og må ryddast vekk kvart år.

Det store prosjektet med kanalen mellom hol 8 og 9 blei vidareført, og resultatet av mykje arbeid blei veldig bra. Spesielt ved greenen på hol 9. Det gjenstår ein god del arbeid med resten av kanalen men vi har no funne ein god måte å løyse dette arbeidet med å hindre så mykje groe i kanalen.

Det blei 2 stordugnadar som vanlig før sesongstart med plukking av kvist og raking av fairwayane. Det blei påfyll av sand i bunkerane. Det gode arbeidet med greenane blei gjort med vertikalskjæring / lufting / sanding / kosting / gjødsling og såing på same tid. Ein stor jobb som vi gjorde 3 gangar dette året. Slik fekk vi eit godt resultat med fantastiske greenar.

Så var det utruleg kjekt at vi fekk vatningsanlegget til å fungere på auto-vatning igjen så ein slapp å springe rundt for å starte/stenge vatninga på kvar green. Stor takk til Oddbjørn Melheim for å ta tak i både greenane og vatningsanlegget

Vi fikk etter kvart Roberta 2, og fikk bekrefte kor god jobb disse 2 robotane gjer for oss. Vi sparer mykje manuell slåing men det er likevel mykje manuell jobbing som blir gjort for at disse skal fungere best mulig. Dei må reingjerast og det må skiftast knivar.

Alle klippe- / gjødsling- / bunker- / ballplukketeama fungerte som vanlig veldig godt, noko som resulterte i ei bane vi fikk veldig mykje skryt av. Som ein gjestespelar sa: det å kome her

og spele på ei bane med supre fairways, nydlige bunkera og flotte greenar er utruligt kjekt. Særligt når han høyrde at arbeidet er gjort på dugnad.

Takk for nok eit år med stor dugnadsinnsats !!!

Tore Naustdal

Sport- og rekrutteringskomitéen

Turneringar/aktivitet

Vi har gjennomført ein god sesong med mykje aktivitet på bana og mange nye medlemmar. Vi gjennomførte dei vanlege turneringane våre. Totalt 39 medlemmer var med på sommarslaget, og her er plass til fleire. Tore Naustdal gjekk av med sigeren på bruttoscore, medan Håvard Nygård vann stableford. Klubbmeister i 2025 blei Thomas Storøy. Vi GRATULERER!

Vi var igjen med som arrangør av turnering i Nordvest Tour. Vi fikk gode tilbakemeldinger på bana, men har litt å gå på det organisatoriske med utval i kiosk og premiering.

I tillegg hadde vi klubbturneringer mot Sandane Golfklubb. Caverion hadde en kveld på bana med ca 30 ansatte. Dette må vi selje inn til både sponsorer og andre bedrifter i regionen.

Også i 2025 hadde vi brukbart besøk av cruise-turistar. Takk til Helge og Oddbjørn som har tatt seg av disse. Vi håper at dette kan fortsette å være ein veksande marknad i framtida.

VTG

Det har vore stor interesse for VTG i 2025 Øystein Kolseth har tatt over ansvaret for disse, og kan melde om 4 kurs gjennomført med over 70 deltakarar. Øystein har fått god hjelp frå andre medlemmar til gjennomføring av praktisk banespel. For neste sesong blir det utvida krav til spel på bana før godkjent kurs, så då vil det være enda større behov for hjelp frå andre medlemmar.

Simulator

Golfsimulatoren på Nordfjord Hotell har vore flittig brukt også i vinter. Det var nokre utfordringar med teknikken, men engasjerte sjeler sytte for at denne kom opp og gå igjen ganske fort.

Oddbjørn Melheim

Valnemnda

Valnemnda viser til årsmelding over og sluttar seg til det som er nemnd, samtidig som valnemnda vil gje sin honnør til alle som har arbeidd for klubben dette året. Valnemnda er imponert over kva som er utført på dugnad. Nemnda vil også takke for den velvilje det er til å stille opp for styre og komitéarbeid.

Lykke til med 2026 sesongen!

Jens Christian Botn, leiar